

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 09.11.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHBEHANDLAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: Oversikt over aktuelle høyringar

ARKIVSAK: 2023/75
STYRESAK: 117/23

STYREMØTE: 06.12.2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Høyringsfrist
1	Høyring av utkast til rundskriv om bilete, film- og lydopptak i helse- og omsorgstenesta Helsedirektoratet har sendt over utkast til rundskriv om bilete, film- og lydopptak i helsetenesta. Dette er ikkje ledd i tenesteytinga. Målet med rundskrivet er å gi verksemder i helse- og omsorgstenesta eit felles grunnlag for utarbeiding av lokale retningslinjer og rutinar på dette området.	Vi førebur uttale.	01.03.2024
2	Høyringsutkast om nasjonal informasjonsmodell for helsekort for gravide Direktoratet for e-helse har sendt utkast til nasjonal informasjonsmodell for elektronisk helsekort for gravide på høyring.	Vi førebur uttale.	15.02.2024
3	Høyring - NOU 2023: 26 - Ny lov om offentlege innkjøp Innkjøpsutvalet vart utnemnt av Kongen i statsråd 4. november 2022. Utvalet har hatt som mandat å gå gjennom regelverket for offentlege innkjøp og komme med forslag til endringar. Utvalet har lagt fram første delutgreiing, NOU 2023: 26 Ny lov om offentlege innkjøp.	Vi førebur uttale.	10.02.2024

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Høyringsfrist
4	Høyring - forslag til endringar i arbeidsmiljøforskriftene - direktiv 2022/431/EU Arbeidstilsynet har forslag til endring i arbeidsmiljøforskriftene, og vedlegg I til forskrift om tiltaks- og grenseverdier i samband med gjennomføring av direktiv 2022/431/EU i norsk rett på høyring. Det blir samtidig føreslått ei oppdatering av eldre og utdaterte grenseverdier for forureining i arbeidsatmosfæren.	Vi førebur uttale.	01.01.2024
5	Høyring - plan for etablering av oppfølgingsregister for risikobarn innlagt i nyfødttintensiv avdelingar Norsk nyfødttmedisinsk kvalitetsregister ønskjer kommentarar og innspel på innhaldet i eit grunnlagsdokument. Det norske nyfødttmiljøet ynskjer å etablere eit samtykkebasert oppfølgingsregister der barn i risikogruppene blir følgde opp kognitivt, motorisk og opplevd livskvalitet. Kunnskap vil være viktig ved planlegging og organisering av nyfødttmedisin framover.	Vi førebur uttale.	01.01.2024
6	Høyring - Forslag til endringar i pasientbetalingsforskrifta, skattelova og skattelovforskrifta om helseføretaks tilbod om NIPT Helse- og omsorgsdepartementet og Finansdepartementet har sendt høyring på forslag om å innføre rett for helseføretak til å krevje full pasientbetaling for non-invasiv prenatal test (NIPT), frå gravide som er under 35 år ved termin og ikkje har andre indikasjonar for fosterdiagnostikk.	Vi førebur uttale.	30.01.2024
7	Høyring av utgreiing om framtidig organisering av arbeidet med nasjonale rekneskapsstandardar Finansdepartementet har ei utgreiing om framtidig organisering av arbeidet med nasjonale rekneskapsstandardar på høyring. I 2005 vart børsnoterte selskap i Noreg pliktig å følgje den internasjonale rekneskapsstandarden IFRS. I etterkant av innføringa av IFRS har det vorte reist spørsmål om korleis arbeidet med eigne nasjonale rekneskapsstandardar skal organiserast. Finansdepartementet vedtok i 2022 at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som skulle greie ut spørsmål knytt til framtidig organisering av arbeidet med nasjonale rekneskapsstandardar. Norsk Regnskapsstiftelse fekk i oppgåve å setje saman og organisere arbeidet til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa kom med utgreiinga si i januar 2023.	Vi førebur uttale.	12.01.2024

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Høyringsfrist
8	Høyring av forslag om å forskriftsfeste krav til forsvarleg innkvartering i eit nytt kapittel 3A i arbeidsplassforskrifta Arbeidstilsynet har forslag til endringar i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale (arbeidsplassforskrifta) på høyring. Endringane gjeld i hovudsak å forskriftsfeste krav til innkvartering som arbeidsgivar stiller til arbeidstakars råvdelde i nytt kapittel 3A. Føresegnene er ei presisering av arbeidsmiljølova § 4-4 fjerde ledd og i hovudsak samsvar med langvarig forvaltningspraksis.	Vi førebur uttale.	04.03.2024
9	Høyring av Barnevernsinstitusjonsutvalgets NOU 2023:24 Barne- og familiedepartementet har vurdert oppgåvene til institusjonsbarnevernet, rammer, omfang og organisering, samt samhandling med andre sektorar som har ansvar for barn med store og samansette behov. Tilrådingane vil påverke barnevernet, helsesektoren og justissektoren.	Sendt føretaksgruppa for innspel. Vi koordinerer eit felles høyringssvar.	22.01.2024
10	Høyring - Legemiddellista til pasienten - PLL i praksis Direktoratet for e-helse ber om innspel til innhaldet til informasjonssida med kliniske tilrådingar om bruk av PLL.	Vi førebur uttale.	08.12.2023